

# Å R S M E L D I N G 2 0 2 1



– Set krefter i sving

 **Sognekraft**

## INNHALD

Konsernsjef har ordet	s. 3
Konsernstruktur	s. 4
Hovudtal	s. 6
Verdiskaping	s. 7
Årsmelding frå styret	s. 9
Resultat	s. 24
Balanse	s. 25
Kontantstraumanalyse	s. 27
Notar	s. 28
Revisjonsmelding	s. 44



## STØRRE OG STERKARE



Konsernsjef Terje B. Nævdal

I 2021 fusjonerte nettverksemdene til Sognekraft, Lærdal Energi og Aurland Energiverk – og nettselskapet Sygnir vart ein realitet. Sygnir er mellom dei 20 største nettselskapa i landet og har kraft og kompetanse i seg til å måla seg med kven som helst i nettbransjen.

Sygnir er nettselskapet i regionen med den brattaste og mest krevjande naturen å forsera med linjer og kablar, for å få straumen fram så trygt og sikkert som mogleg.

I samband med det lovpålagde skiljet mellom nettverksemdene og energiselskapa, der funksjonelt- og selskapsmessig skilje skulle gjennomførast innan 1. januar 2022, såg vi at ei samanslåing av dei tre nettselskapa ville gjera oss langt betre rusta til å møte framtida. Vi såg at det var viktig for Sogn med eit stort og sterkt nettselskap.

Eg som konsernsjef er stolt over korleis dei tre kulturane har funne kvarandre, og no er i ferd med å utvikla sitt eige DNA.

Endringane i energilova gjorde det også naturleg for Sognekraft å organisera verksemda til eit energikonsern, der morselskapet har tre svært så robuste døtrer med på laget; Sognenett, Sognekraft AS og Sygnir.

Ved inngangen til 2022 er vi 136 tilsette i konsernet; ei av dei største verksemdene i regionen, både i tal tilsette og økonomiske ressursar.

Det handlar om å vera store nok til å vera drivkraft i Sogn, til å vera den regionale utviklingsaktøren vi har som mål å vera. Sognekraft-konsernet er store og sterke nok til å vera i front på breiband, fiber og internettjenester, til å vera innovative og eit av dei mest offensive nettselskapa i landet, og til å setja i gang nye og store kraftutbyggingsprosjekt til beste for regionen og komande generasjonar.


På eitt felt har vi dei seinare åra innsett at vi ikkje ville vera store og sterke nok til å konkurrera inn i framtida åleine. Difor slo vi i 2021 straumalverksemda vår saman med SFE, Tafjord og Tussa – til selskapet Wattn. Dette vart gjort med klare ambisjonar om å styrka brukaropplevinga til straumkundane, både privatkundar og næringsliv. Ved å slå saman gode krefter skal vi vera leiande på levering av gode brukaropplevingar til konkurransedyktig kvalitet og pris.

Leiande skal vi også vera på kjerneverksemda vår, produksjon av eitt hundre prosent fornybar energi. I pandemiåret 2021 ferdigstilte vi Leikanger kraftverk – og måndag 22. mars 2021 er ein ny merkjedag i Sognekraft sin historie. Den dagen vart det for første gong produsert fornybar energi frå begge dalføra i kraftstasjonen inne i fjellet ved Suppam, med vatn både frå Grindsdalen og Henjadalen i Leikanger.

Ved inngangen til 2022, året då Sognkraft rundar 75 spreke år, er vi større og sterkare enn nokon gong. Vi er rusta til å møte framtida og vera drivkraft i Sogn.

Terje Bakke Nævdal  
Konsernsjef

## KONSERNSTRUKTUR



## STYRET

Styret i Sognekraft MOR AS består av styreleiar Geir Arve Sandvik, nestleiar Laura Kvamme og styremedlemmene Jens Andreas Melheim, Brita Holstad, Arne Andreas Riisnes og Silje Skaar Sunde. Jomar Leirdal og Rune Svedal er valde av og mellom dei tilsette i Sognekraft-konsernet.



Geir Arve Sandvik  
Styreleiar



Laura Kvamme  
Nestleiar



Brita Holstad  
Styremedlem



Silje Skaar Sunde  
Styremedlem



Arne Andreas Riisnes  
Styremedlem



Jens Andreas Melheim  
Styremedlem



Jomar Leirdal  
Styremedlem, tilsette



Rune Svedal  
Styremedlem, tilsette



Terje Bakke Nævdal  
Konsernsjef

## HOVUDTAL KONSERN

(i MNOK)	2021	2020	2019	2018	2017
<b>Resultat</b>					
Sum driftsinntekter	1 030	398	635	680	381
EBITDA	415	160	210	325	122
Driftsresultat	363	120	175	285	5
Resultat før skatt	347	88	155	255	18
Årsresultat	187	81	94	162	41
<b>Kontantstrøm</b>					
Netto kontantstrøm frå drift	536	19	103	65	136
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-327	-56	350	-225	-448
Avskrivningar og nedskrivningar	52	40	34	40	117
Betalt utbytte	-16	-26	-24	0	-10
<b>Balanse</b>					
Totalkapital	2 594	2 230	2 237	2 035	2 124
Eigenkapital	883	653	587	524	379
Frie likviditetsreservar	79	105	105	100	153
Renteberande gjeld	1 181	1 401	1 401	1 201	1 426
Netto renteberande gjeld	813	1 010	1 315	1 086	1 362
<b>Nøkkeltal økonomi</b>					
Eigenkapitalavkastning	25,5	13,1	16,9	33,8	10,1
Totalkapitalavkastning	5,9	1,6	2,3	6,1	3,7
Eigenkapitalandel, bokført	34,0	29,3	26,2	25,7	18,0
Eigenkapitalandel, ex kraftverk under bygging	34,5	31,8	36,9	31,7	24,0
Netto renteberande gjeld/EBITDA	2,0	6,3	6,3	3,3	11,1
Netto renteberande gjeld/EBITDA, ex kraftverk under bygging	2,0	6,2	3,2	2,2	6,8
Rentedekningsgrad	13,8	6,6	4,8	6,4	4,0
<b>Nøkkeltall HMT</b>					
Tal tilsette pr 31.12	136,0	118,0	119,0	114,0	104,0
Tal årsverk i året	132,2	110,0	102,6	93,0	93,0
Sjukefråvær	5,7	3,0	3,0	2,6	3,4
Skader (H1) med fråvær pr mill. arbeidstimar	-	5,0	6,0	-	6,0
Skader (H2) med og utan fråvær pr mill. arbeidstimar	4,0	10,0	28,0	6,0	12,0
<b>Nøkkeltal drift</b>					
Vasskraftproduksjon, verkeleg	672,0	695,0	565,7	770,0	627,0
Vasskraftproduksjon, årsmiddel	715,0	767,0	663,0	737,0	591,0
Gjennomsnittleg spotpris NO5	75,7	9,7	38,7	41,4	26,9
Forbruk i eige område	394,0	271,2	271,4	273,0	262,0
Tal nettkundar	13 160,0	9 531,0	9 452,0	9 338,0	9 210,0
Nettkapital (NVE-kapital)	882,4	639,0	540,9	454,0	383,0
Tal breibandkundar	8 436,0	7 746,0	6 998,0	6 322,0	5 708,0

## VERDISKAPING OG LOKAL STØTTESPELAR



I 75 år har Sognekraft vore ein lokal medspelar og bidragsytar til lokalsamfunnet først og fremst i form av energiforsyning, men og som «motor» i samfunnet. Som forvaltar av samfunnskritisk infrastruktur, skal vi vere ein **påliteleg** aktør for produksjon og distribusjon av rein energi for velferd, **nyskaping** og vekst på ein etisk og berekraftig måte. Samstundes har omsynet til **tryggleik** og **trivsel** for våre medarbeidarar høg prioritet. Sognekraftkonsernet skapar aktivitet som gir arbeidsplassar og lønsemd til gode for eigarar og samfunn. Dette er i tråd med konsernet sin visjon om å vere ei drivkraft i Sogn. Samfunnsrekneskapen viser verdiane som er skapt fordelt på ulike interessegrupper.

- Tilsette får løn og sosiale ytingar
- Eigarane får utbytte og verdiauke i selskapet dei eig
- Lånegjevarane får renteinntekter
- Stat og kommune får skatt frå arbeidstakarar og Sognekraft

Vi er opptekne av at Sogneregionen skal vere ein god stad å vekse opp, leve, bu og jobbe i. Som ein viktig samfunnsaktør, ynskjer vi å gi tilbake til lokalsamfunnet som let oss få høve til å forvalte naturressursar og viktig infrastruktur. Dette gjer vi i form av støtte og sponing til frivillige lag, organisasjonar og arrangement, til dømes retta mot born og unge. Slik set vi krefter i sving, til beste for innbyggjarar og lokalsamfunn. Fosshaugane Campus blei bygd etter initiativ frå Sogndal Fotball for å samla idrett, forskning og utdanning. Her har skule, idrett, friluftsliv, kompetanseverksemder og gründerar fokus på samhandling for å skape vekst for den einskilde og for fellesskapet. Sognekraft er med på dette gjennom støtte til Sogndal Fotball. Samarbeidsavtalen med Sogndal Fotball er konsernet si største enkeltsporsatsing.

## VERDISKAPINGSREKNESKAP

(NOK 1000)	2020	2021
Totale driftsinntekter	397 711	1 029 795
+ aktiverte lønns- og personalkostn.	39 996	31 377
+ aktiverte rentekostnader	4 431	2 570
- forbruk varer og tenester	-168 246	-519 262
<b>Brutto verdiskaping</b>	<b>273 891</b>	<b>544 479</b>
- ordinære av- og nedskrivningar	-39 927	-52 101
<b>Netto verdiskaping</b>	<b>233 964</b>	<b>492 378</b>
+ finansinntekter	13 382	29 928
<b>= Totale verdiar til fordeling</b>	<b>247 346</b>	<b>522 306</b>

### Fordeling av verdiskaping

#### Tilsette

Netto lønn og sosiale ytingar	62 568	73 995
-------------------------------	--------	--------

#### Kapitalinnskytarar

Renter til kredittytarar	50 120	48 345
Renter og utbytte til eigarar	16 069	41 620


#### Stat, fylke og kommune

Skatt	6 322	159 873
Skattetrekk tilsette	24 225	30 058
Eigedomsskatt	12 188	14 241
Arbeidsgjevaravgift	11 081	12 390
Andre offentlege avgifter	1 758	2 019

#### Selskapet

Tilbakehalde overskot	63 016	139 766
-----------------------	--------	---------

<b>Sum fordelte verdiar</b>	<b>247 346</b>	<b>522 306</b>
-----------------------------	----------------	----------------



■ Skatt og avgifter til stat og kommune ■ Eigarar ■ Tilsette ■ Kredittytarar



# ÅRSMELDING FRÅ STYRET

Konsernet Sognekraft produserar og forvaltar fornybar energi. Konsernet si verksemd omfattar produksjon og transport av energi, breiband og tenester knytt til desse kjerneområda. Morselskapet Sognekraft MOR AS har forretningsadresse i Vik i Sogn.

Konsernet sine totale driftsinntekter i 2021 passerte for fyrste gong ein milliard. Det resulterte i eit driftsresultat på 363 MNOK, samanlikna med 120 MNOK i 2020. Det vart produsert 672 GWh rein energi frå Sognekraft sine eigardelar i vasskraftanlegg i 2021. (2020: 695 GWh). Årsresultatet for 2021 vart på 187 MNOK mot 81 MNOK i 2020.

## Viktige hendingar i 2021

### Ferdigstilling av Leikanger kraftverk

Leikanger kraftverk vart sett i drift i 2020 med vatn frå dalføret Grindsdalen. Overføringa i lang tunnel frå Henjadalen vart ferdigstilt i mars 2021. Ny demning på Store Trastadalsvatnet skal vere ferdig i 2022. Produksjonen i 2021 vart 143,8 GWh. Dette var noko lågare enn forventta som følgje av lite snø gjennom vinteren og lange periodar med tørt vèr. Forventa årsproduksjon i eit normalår er på 208 GWh.

### Bygger fleire kraftverk

Det vart starta bygging av Mundalselvi kraftverk i mai 2021. Bygginga pågår og planlagt oppstart av prøvedrift er 1. juli 2022. Frist for ferdigstilling av alle arbeid i kontrakten er 1. desember 2022. Forventa årsproduksjon i eit normalår er på 13 GWh.

Fosseteigen kraftverk i Lærdal, 49% eigd av Sognekraft gjennom Kuvelda Kraft AS, starta produksjon i august 2021 og produserte 3 GWh før årsslutt. Tynjadalen kraftverk, som har same eigar, vert fullført og startar produksjon først i 2022. Når begge kraftverka kjem i full drift, er samla forventa årsproduksjon på 37 GWh.

### Ferdigstilling av nye Kaupanger transformatorstasjon

Sygnir har bygd transformatorstasjon med ny miljøvenleg gassisolerande teknologi; eit BlueGIS stasjonsanlegg. Den nye transformatorstasjonen betrar vesentleg forsyningssikkerheit og nettkapasitet i eit område med sterk nærings- og forbruksvekst. Den mogeleggjør også elektrifisering av til dømes ferjer og fly i åra som kjem.

### Gjennomført fusjonar

Fusjon mellom Sygnir, Aurland Energi Nett og Lærdal Energi Nett og mellom Sognekraft Fiber, Aurland Energi Fiber og Lærdal Energi Fornybar vart gjennomført i desember 2021. Det samanslegne selskapet Sygnir har om lag 80 tilsette og skal drifta og utvikla straumnett og levera tenester til fiberselskapet i kommunane Vik, Sogndal, Lærdal og Aurland. Forretningsadresse er i Vik. Sygnir har ein desentralisert struktur med kontor, basar og aktivitet i fleire kommunar. Sognekraft Fiber har forretningsadresse i Vik.

### Sognenett – årets kundesenter 2021

Breibandselskapet vårt, Sognenett, gjekk heilt til topps og vann Kundeserviceprisen 2021, ei kåring som vert gjennomført i regi av SeeYou. Det vart i mars 2021 kåra vinnarar i heile 24 klassar. I tillegg til den gjæveste prisen, vann også Sognenett klassane beste kundeservice på Telefoni og Messenger.

### Straumsal gjennom Wattn


Sognekraft inngjekk i desember 2020 avtale om ta del i eit samarbeid med Tussa, SFE og Tafjord om framtidig straumsal. Som del av denne avtalen vart Sognekraft deleigar i det nye straumselskapet Wattn. Det nye selskapet har ambisjonar om vidare vekst og har kapital og kompetanse til å utvikle dei digitale plattformene som moderne kundar etterspør.

### Full siger i rettsak

I juni 2019 mottok Sognekraft stemning frå ESPF/ KGAL med krav om erstatning knytt til påstått urettmessig heving av tidlegare avtale om sal av selskapet Fjærland Kraft AS. Avtalen vart heva 1. oktober 2018, etter at siste frist for gjennomføring av salet var passert. Rettsak vart gjennomført i februar 2020, der Sognekraft vann på alle punkt. ESPF/ KGAL anka saka inn for Borgarting Lagmannsrett. Sognekraft vann på nytt på alle punkt i oktober 2021, inkludert dekking av sakskostnader. Dommen er ikkje anka vidare og vart såleis rettskraftig.

## Økonomisk resultat


Konsernet sine driftsinntekter vart på 1 030 MNOK i 2021. Dette er 632 MNOK meir enn for 2020 (398 MNOK). Auken kjem i all hovudsak som følgje av dei høge straumprisane. Inntekter frå kraftoverføring aukar med 62 MNOK og frå breiband og fiber med 9,3 MNOK. Auking i inntekter for nettselskap og innan fiber skuldast blant anna fusjonane som nemnd i innleiinga, då dei er gjennomført med verknad for rekneskapen frå 01.01.2021. Andre inntekter utgjør 75,8 MNOK i 2021, det inneber ein reduksjon på 14,4 MNOK frå 2020. I 2021 inngår gevinst på sal av aksjar i hovudsak knytt til Sognekraft Straum AS til Wattn med 47,2 MNOK. Sjå også omtale av kraftproduksjon og kraftsal for meir informasjon om pris- og volumutvikling. Hovudsakleg grunna dei høge straumprisane, har finansiell handel resultert i eit tap på 21,2 MNOK.



Konsernet sitt driftsresultat for 2021 vart på 363,1 MNOK, mot 119,9 MNOK i 2020. Driftsresultatet fordeler seg med 266 MNOK innan kraftproduksjon, 28,5 MNOK innan nettverksemda, 9,8 MNOK for Sogne-nett og 6,1 MNOK for fusjonert Sognekraft Fiber før eliminering av konsernpostar. Anna verksemd inngår med 10,8 MNOK.

Sognekraft sine finansinntekter vart 29,9 MNOK i 2021. Av dette var 11,5 MNOK renteinntekter, som i hovudsak kjem frå tilknytt selskap. Andre finansinntekter kjem frå utbytte og resultat frå tilknytt selskap. Finansinntektene for 2020 var på 13,4 MNOK. Det meste av auken frå 2020 til 2021 kjem frå resultat i tilknytt selskap i 2021, som følgje av høgare kraftprisar. Konsernet sine finanskostnader i 2021 var 45,8 MNOK, på same nivå som i 2020 då dei var 45,7 MNOK. Netto finanskostnader for konsernet var på 15,9 MNOK i 2021 og 32,3 MNOK i 2020.

Skattekostnaden for 2021 vart på 159,9 MNOK, mot 6,3 MNOK i 2020. Dei høge kraftprisane i 2021 medførte eit høgt grunnlag for grunnrenteskatt. Grunnrenteskatekostnaden i 2021 vart såleis på heile 97,4 MNOK, medan den var negativ i 2020 med -5,2 MNOK.




Årsresultat etter skatt for konsernet i 2021 vart på 187,4 MNOK, samanlikna med 81,3 MNOK i 2020. Dette gav ei eigenkapitalavkastning på 25,5% i 2021, mot 13,1% i 2020.

Årsresultatet for Sognekraft MOR AS vart på 95,6 MNOK.

### Kontantstrøm og balanse

Netto kontantstrøm frå operasjonell aktivitet i året vart på 536,4 MNOK i 2021. Dette var heile 517,3 MNOK meir enn i 2020 (19,1 MNOK). Auken er i hovudsak ein konsekvens av dei til dels ekstremt høge kraftprisane i 2021, samanlikna med dei svært låge prisane i 2020.



Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar i 2021 var negativ med -327,3 MNOK. Då inngår effekt av fusjon og fisjonar i året med -156,6 MNOK. Den største investeringsaktiviteten i 2021, som i 2020, var knytt til bygginga av produksjons- og nettanlegg for Leikanger kraftverk. Netto endring i likvide midlar etter utbetaling av 16,1 MNOK i utbytte til eigarane var ein reduksjon på -26,9 MNOK.

Totalbalansen ved utgangen av 2021 var på 2 594 MNOK. Den bokførte eigenkapitalen auka frå 653,1 MNOK (29%) pr 31.12.2020 til 882,7 MNOK (34%) pr 31.12.2021. Selskapet si renteberande langsiktige gjeld utgjorde 1 180 MNOK ved utgangen av 2021, ein nedgang på 220 MNOK frå 2020, då den var på 1 400 MNOK. Syndikatlånet med Danke Bank, DNB og Sparebanken Vest vart hausten 2021 overført frå Sognekraft AS til Sognekraft MOR AS. Frie likvide midlar utgjorde 78,6 MNOK og unytta lånerammer utgjorde 590 MNOK.

### Disponeringar

Årsresultatet i Sognekraft MOR AS var på 95,6 MNOK i 2021. Selskapet sin frie eigenkapital før avsetjing til utbytte er 563,1 MNOK. Sognekraft AS sin utbyttepolitikk under utbyggingsperioden har lagt til grunn at det kan betalast ut inntil 30% av overskotet frå ordinær drift i utbytte. I tillegg er det avgrensingar i låneavtale knytt til eigenkapitaldel, likvide midlar og unytta kredittar. Ut frå ei samla vurdering av resultatet som er oppnådd frå drifta av Sognekraft Mor AS, har styret i Sognekraft Mor AS tilrådd at det vert utbetalt eit utbytte på 40 MNOK til eigarane av morselskapet.

Styret føresler at årsresultatet vert disponert slik (TNOK):

Disponering av årets resultat	Sognekraft MOR AS
Avsett til utbytte	40 000
Overført til annen eigenkapital	55 554
<b>Sum disponert</b>	<b>95 554</b>

### Framleis drift

I samsvar med rekneskapslova §3-3a, stadfestar styret at årsrekneskapan er avlagt under føresetnad om framleis drift.

## Konsernet si verksemd

### Sognekraft AS - forretningsområde kraftproduksjon

#### Prisar, produksjon og forbruk

Kraftsituasjonen for 2021 var prega av høge kraftprisar. Det er spesielt det sørlege Noreg som hadde høge kraftprisar samanlikna med tidlegare år. Dette står i stor kontrast til dei rekordlåge kraftprisane i 2020. Den viktigaste årsaka var større utvekslingskapasitet, svært høge gassprisar og tilhøyrande høge kraftprisar på kontinentet. I tillegg hadde det sørlege Noreg ein svakare ressursituasjon enn normalt. I 2021 har dei høge kraftprisane i sør og nettavgrensingar mellom nord og sør gitt eit tydeleg prisskilje mellom dei norske prisområda. Midt- og Nord-Noreg (NO3, NO4) hadde ein betre ressursituasjon og nettavgrensingar mot sør bidrog til at desse områda fekk dei lågaste kraftprisane i Europa.

Ved inngangen av året var fyllingsgraden i Noreg nær historisk maksimum for årstida, noko som skuldast at 2020 var eit år med relativt lågt forbruk og mykje nedbør. Mindre tilsig enn normalt gjennom 2021 og relativt høg vasskraftproduksjon bidrog til at fyllingsgraden låg under median siste halvdel av året, periodevis nær historisk minimum. Ved utgangen av 2021 var magasinifyllinga 12 prosentpoeng under medianen og nesten 30 prosentpoeng lågare enn ved inngangen av året.

Kraftforbruket i Noreg vart 139,5 TWh i 2021. Dette er ein auke på 4,8 prosent frå 2020 og det høgaste forbruket som nokon gong er registrert. Forbruket var generelt høgt gjennom heile året, men spesielt første kvartal grunna kaldt vêr. I januar og

februar vart det sett forbruksrekordar for både time, døger og månad.

Noreg hadde ein nettoeksport på 17,6 TWh, som er 2,9 TWh lågare enn 2020, men 5,2 TWh høgare enn dei siste 5 åra. Sjølv om prisane i Sør-Noreg har vore høge, har dei vore høgare i fleire av landa vi handlar med. Dette har gitt nok eit år med høg nettoeksport, trass i at ressurstilgangen i Noreg var svakare i 2021 enn i 2020.

Gjennomsnittleg kraftpris for Noreg vart 61,1 øre/kWh i 2021, mot 11,6 øre/kWh i 2020. Aldri før har gjennomsnittleg kraftpris for eitt år vore på dette nivået. I store deler av året var det to prisar på kraft i Noreg. Skiljet gjekk mellom dei sørlege (NO1, NO2, NO5) og nordlege (NO3, NO4) prisområda. Den gjennomsnittlege kraftprisen i området Sognekraft tilhøyrer, NO5 Vest-Noreg, var på 75,7 øre/kWh. Til samanlikning var prisen i 2020 på 9,7 øre/kWh. Kraftprisen i Midt- og Nord-Noreg (NO3, NO4) i 2021 var på høvesvis 42,0 og 35,7 øre/kWh.

#### Produksjon

Sognekraft AS eig 100% av Vadheim Kraft og er elles deleigar i ei rekke selskap. Eigarstrukturen for dei ulike kraftverka går fram av tabellen under. Fyllingsgraden i vassmagasin der selskapet har eigardeler var 33 % ved utgangen av året, mot 76% ved inngangen til året. Produksjon i 2021 tilknytt Sognekraft sin eigardel i ulike kraftverk fordelte seg slik:

Kraftverk	Eigar	Eigarskap Sognekraft	Innstallert effekt MW	Årsproduksjon i GWh		
				Middel	2021	2020
Årøy	Sognekraft AS	100 %	94,0	349	352	394
Vikfalli *	Sognekraft AS	12 %	21,0	106	110	85
Dyrnesli	Vadheim Kraft AS	100 %	7,0	49	43	56
Svelgen	Svelgen Kraft Holding AS	10 %	124,0	69	68	79
Nydalselva, Steinsvik, Timbra, Helgheim, Indrebø	Nydalselva Kraft AS	50 %	22,8	36	27	39
Sandal & Fossheim	51,2 % eigd av Nydalselva					
Leikanger	Leikanger Kraft AS	50 %	77,0	104	72	42
Fosseteigen og Tynjadalen **	Kuvelda Kraft AS	49 %	6,2	8	2	0
SUM			352,000	715	672	695

Tabell: Eigarstruktur og produksjon

\*Medeigarandel i Statkraft Vikfalli, Sognekraft disponerer 12%

\*\*Kuvelda Kraft proudserar berre frå Fosseteigen frå sept. 2021. Tynjadalen kraftverk er planlagd sett i drift i 2022.

### Drift og vedlikehold

Sognekraft har ansvar for drift og vedlikehold av Årøy kraftverk, Dyrnesli kraftverk, Leikanger kraftverk, kraftverka i Nydalselva Kraft AS og Kuvelda Kraft AS. I tillegg har selskapet kontrakt for drift, vedlikehold og administrasjon av kraftverka i Fjærlandsfjorden som er eigd av Fjærland Kraft AS (Clemens).

### Energi frå Sognefjorden

Sognekraft AS produserer fjordenergi til varme og kjøling av bygningsmasse i Sogndal. Anlegget er delvis finansiert med tilskot frå Enova. Det er lagt til rette for utviding av anlegget etter kvart som ny bygningsmasse kjem til. Etter avtale med Sognahallen AS vart den nye fleirbrukshallen på Fosshaugane kopla til i 2021. Ein del av arbeidet med tilkopling av Lerum Brygge vart utført same året. Resten av arbeidet med elvekryssing vart utført vinteren 2022.

### Ny vasskraft

Utvikling av ny vasskraftproduksjon er viktigaste satsing for å oppnå langsiktig verdiskaping i Sognekraft. Dei siste 15 åra er det lagt ned mykje arbeid for å sikre konsernet fallrettar og utvikle nye vasskraftprosjekt fram mot konsesjon. Avgjerd om investering vert fatta når endeleg vurdering av lønsemd, konsesjonsvilkår, oppdaterte investeringskalkyler og finansiering er utført.

I mars i 2021 vart Leikanger kraftverk sett i full produksjon med vatn frå begge dalføra. Det er venta at Leikanger kraftverk vil gi 208 GWh i ny vasskraftproduksjon. Gjennom heile 2021 har det vore aktivitet i samband med fullføring av bygginga av Leikanger kraftverk. Kraftverket vart først sett i drift våren 2020 med vatn frå det eine dalføret, Grindsdalen. Produksjonen var på 83,7 GWh i 2020, medan det vart produsert 144 GWh i 2021. I 2020 vart Lundin Energy Holding BV 50 % medeigar av selskapet Leikanger Kraft AS.

For Leikanger kraftverk starta ein i 2021 opp arbeidet med rehabilitering av Trastadalsdammen inst i Henjadalen. Dammen er eigd 50/50 saman med Sogndal kommune. Det har gjennom heile året vore arbeidd for fullt med bygging av veg og vassleidning for Leikanger vassverk i Henjadalen.

Kuvelda Kraft AS eig Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk i Lærdal kommune. I 2020 vart det inngått falleligeavtalar med grunneigarane, gjort investeringsvedtak, utført prosjektering og anbudsrundar og starta bygging. Bygginga har halde fram for fullt gjennom 2021 og Fosseteigen kraftverk vart sett i produksjon i august. Grunna avgrensa nettkapasitet har produksjonen vore noko redusert i 2021. Når begge kraftverka kjem i full drift er samla forventa produksjon på 37 GWh. Fosseteigen kraftverk produserte 3 GWh i 2021. Okken Kraft AS eig 51% av aksjane i selskapet.

Sognekraft fekk inn tilbod på bygging av Mundalselvi kraftverk vinteren 2021, og det vart gjort styrevedtak om bygging same våren. Sognekraft starta opp bygging av Mundalselvi kraftverk alt i mai. Entreprenøren har no bygd veg og drive ein kort tunnel gjennom sommaren og hausten. I tillegg er det starta opp arbeid med bygging av kraftstasjon og rørgate i 2021.

I statsbudsjettet for 2020 vedtok Stortinget å endre grunnrenteskatten for nye kraftverk. Det styrkar lønsemda for Feios og Offerdal kraftverk. Sognekraft har difor hausten 2021 teke opp att planleggingsarbeidet rundt Feios kraftverk. Endringane i grunnrentebeskatning og ein ny løysing for nettilknytning, har gjort at Sognekraft vil gjere eit forsøk på realisering av Feios kraftverk før konsesjonen utgår i mars 2023.

Sognekraft har også planar om bygging av nye kraftstasjonar med større slukeevne og effektinstallasjon til erstatning for gamle kraftverk. Til erstatning for Dyrnesli kraftverk i Vadheim, som i dag har ein installert effekt på 6,7 MW, er det under vurdering eit nytt kraftverk med vassveg i fjell og ein installert effekt på 9,5 MW. I Vadheim er det igangsett ein studie av ytterlegare potensiale for kraftutbygging. Det er også planar om bygging av ny stasjon i Årøy på 9,5 MW som skal erstatte det gamle kraftverket. Det vart bygd i 1943 og er på 3,8 MW.

Sognekraft klaga på Statnett sitt avslag på nettilknytning for Offerdal kraftverk. Etter lang sakshandsaming fekk Sognekraft medhald i 2020 frå RME (Reguleringsmyndigheten for energi) i klagen om at Statnett har brote tilknytingsplikta. Offerdal kraftverk fekk difor utvida overgangsregelen for anleggsbidrag med 1 år, til 1. juli 2023. I dialog med Statnett er det kome fram informasjon om at Fortun transformatorstasjon må oppgraderast før tilknytning. Tidlegaste tilknytningstidspunkt er i 2025.

### Økonomisk resultat


Sognekraft AS (NOK 1000)	2021	2020*
Driftsinntekter	759 332	173 910
Energikjøp	425 297	87 462
Sentralnettsavgifter	8 384	7 562
Anna varekostnad	549	144
Løns- og personalkostnad	16 475	13 576
Ordinære avskrivningar	12 114	12 134
Øvrige driftskostnader	30 474	44 177
<b>Driftsresultat</b>	<b>266 039</b>	<b>8 855</b>

\* Forretningsområde Produksjon

### Oversikt over kraftprosjekt med status konsesjon

Kraftverk	Kommune	GWh	Status	Eigarar
Feios	Vik	95	Konsesjon gitt	Sognekraft 70 %, Eviny 20 %, Veidekke 10 %
Offerdal	Årdal	99	Konsesjon gitt	Sognekraft 80 %, Årdal Energi 10 %, Veidekke 10 %
Kråkeelvi	Sogndal	18	Konsesjon gitt	Sognekraft 100 %
Fardalselvi	Sogndal	8	Konsesjon gitt	Sognekraft 100 %





● Produserande kraftverk    
 ● Prosjekt det vert planlagt å realisere    
 ● Kun driftsansvar    
 ● Konesjon - ikkje prioritert    
 ● Under bygging

	Namn	Direkte/ indirekte eigardel	Brutto produksjon
1.	Årøy	349 GWh	349 GWh
2.	Vikfalli	108 GWh	900 GWh
3.	Sandal & Fossheim	2,6 GWh	10,3 GWh
4.	Timbra	4,5 GWh	9 GWh
5.	Nydalselva	9 GWh	21 GWh
6.	Indrebø	1,4 GWh	2,8 GWh
7.	Helgheim	4 GWh	8 GWh
8.	Hatlestad	Eigd av Fjærland Kraft AS	30 GWh
9.	Jordal	Eigd av Fjærland Kraft AS	24 GWh
10.	Romøyri	Eigd av Fjærland Kraft AS	26 GWh
11.	Lidal	Eigd av Fjærland Kraft AS	22 GWh
12.	Berge	Eigd av Fjærland Kraft AS	19 GWh
13.	Bjåstad	Eigd av Fjærland Kraft AS	16 GWh
14.	Mundalselvi	Under bygging	12 GWh
15.	Dyrnesli	49 GWh	49 GWh
16.	Kråkeelvi	Ikkje utbygd	14 GWh
17.	Svelgen	69 GWh	695 GWh
18.	Leikanger	104 GWh	208 GWh
19.	Fardalselvi	Ikkje utbygd	10 GWh
20.	Feios	Ikkje utbygd, 65 GWh	94 GWh
21.	Steinsvik	15 GWh	28 GWh
22.	Offerdal	75 GWh	95 GWh
23.	Tynjadalen	10,5 GWh	21,4 GWh
24.	Fosseteigen	7,8 GWh	15,9 GWh

## Sygnir AS - forretningsområdet nett

Etter fleire år med samarbeids- og fusjonssamtalar mellom Sognekraft, Aurland Energi og Lærdal Energi vart fusjon av nettverksemdene og fiberverksemdene godkjende i 2021. Det fusjonerte nettselskapet Sygnir AS omfattar alle område- og anleggskonsesjonar frå dei tre nettselskapa i kommunane Vik, Sogndal, Lærdal og Aurland. Det har ansvar for utbygging, drift og vedlikehald av lokalt distribusjonsnett i desse kommunane. Vidare har Sygnir ei rekkje anleggskonsesjonar med ansvar for drift- og vedlikehald for regionalt distribusjonsnett i same området. Sygnir leverer straum til i overkant av 13.000 kundar i Sogn, frå Filefjell, Hemsedal og Hallingskarvet i aust til Ortnevik i vest. Sygnir er ei drivkraft i regionen med om lag 80 tilsette. Verksemda er desentralisert med tilsette i Balestrand, Vik, Sogndal, Lærdal og Aurland. Sygnir bidreg med stor lokal verdiskaping for eigarar, regionalt næringsliv og konkurransedyktig nettleiga til nettkundane.

### Fusjon – integrasjonsarbeid og realisering av synergjar

I første kvartal 2021 vart integrasjonsprosessen starta opp med eit omfattande gruppearbeid der det vart lagt ein felles plattform for vidare drift. Dei tilsette vart kjende med kvarandre, etablerte felles forståing for arbeidsprosessar og fekk tildelt ansvarsområde og arbeidsoppgåver. I tillegg vart det sett opp effektive arbeidsprosessar mot resten av Sognekraft-konsernet. Gjennom andre og tredje kvartal vart leiargruppa, seksjons- og avdelingsorganiseringa for den fusjonerte nettverksemda etablert. Dei tilsette har vore konstruktive og har drive integrasjonsarbeidet framover. Harmonisering av IKT-system, nettinformasjonssystem (NIS), arbeidsordresystem og kundeinformasjonssystem (KIS) i tråd med fusjons- og synergjiplanen har vore ressurskrevjande – men viktig og naudsynt. Integrasjon av NIS er gjennomført, medan felles arbeidsordresystem og KIS vert iverksett i 2022. Harmonisering og integrasjon av arbeidsprosessar, system og realisering av synergjar vil prege Sygnir også i 2022.

### Sygnir – informasjon om nettverksemda

Selskapet si hovudoppgåve er å sikra nettkundane i Sogn ei stabil og sikker straumforsyning, kombinert med ei mest mogeleg effektiv drift og utbygging av straumnettet i selskapet sitt konsesjonsområde. Sygnir er eigar av både regional- og distribusjonsnett i Sogn og driftar og vedlikehald anlegg frå 132 kV ned til 400V / 230 V. Straumnettet omfattar 13 transformator- og koplingsstasjonar, 900 nettstasjonar, 3000 km straumlinjer og straumkablar og 13.160 nettkundar.

Sygnir AS er ei monopolverksemd underlagt særskild myndigheitskontroll av Noregs Vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Reguleringsmyndigheita for Energi (RME). Dei fastset rammer for nettverksemda, det gjeld også tillaten nettinntekt.

### Sygnir – informasjon frå nettverksemda

Leverert energi i 2021 var på 394 GWh, medan tilsvarende tal for dei tre nettverksemdene i 2020 var 368 GWh. Manglande straumleveransar på grunn av feil i Sygnir sitt overføringsnett i

2021 var 55,7 MWh. Dette er ein markant nedgang samanlikna med året før. Då var summen for dei fusjonerte selskapa 93,8 MWh. Sygnir sin regularitet i 2021 var 99,996% samanlikna med 99,988% i 2020.

I 2021 vart det investert for totalt 67,7 MNOK i Sygnir. Sygnir sine nettinvesteringar bidreg til regional vekst for næring og bustadar, vekst i fornybar energiproduksjon og offentlege infrastrukturprosjekt som til dømes elektrifisering av ferjer og ladeanlegg for elbilar. Nye Kaupanger transformatorstasjon med om lag 38,8 MNOK var den største nettinvesteringa i 2021. Den vart sett i drift i juli 2021. Transformatorstasjonen vil leggje til rette for framleis sterk vekst i Kaupangerområdet. Den representerer eit teknologisk skifte – både i Sygnir og nasjonalt. Stasjonen er eit svært moderne og miljøvenleg gassisolert stasjonsanlegg med høg forsyningsikkerheit. Det er tilrettelagt for 132 kV spenningsnivå, men vil i dei næraste åra ha 66 kV driftsspenning. Ei anna svært viktig nettinvestering var Sygnir sitt kjøp av Hafslund ECO Vannkraft sine regionale nettanlegg mellom Aurland II, Sitjane/Vassbygdi og Vangen. Sygnir har vidare starta ei viktig oppgradering av 22 kV kraftlinje mellom Suppam – Grinde – Hamre på Leikanger. Den vil bidra til å styrke forsyningsikkerheiten i Leikanger-regionen. Elles vert det kontinuerleg investert i avansert styring og overvaking av selskapet sine nettstasjonar. Andre investeringar er knytt til skogrydding, nettilknytning av småkraftverk i Lærdal, drifts- og vedlikehaldsprosjekt av stasjons- og brytaranlegg i nettet, nye nettstasjonar og nye høgspente- og lågspente kabelanlegg.

Sygnir sitt kjøp av Hafslund ECO Vannkrafts regionale nettanlegg i Aurland er svært viktig med omsyn til selskapet si forsyningsikkerheit og lønsemd. Det gjer også at Sygnir kan vere ei regional drivkraft i Aurland og leggje til rette for vekst gjennom til dømes landstraumanlegg med lading for cruise-båtar.

### Elektrifisering – auka forbruk og effektbehov

I Sogn bidreg Sygnir til elektrifiseringa av settefiskanlegg, ferjesamband og miljøvenlege fjordcruise, med til dømes ladestraum på kaianlegg til ferjer og til elbåtane «Vision of the Fjords» og «Future of the Fjords». Sygnir legg til rette for elektrifisering av luftfart og tungtransport, ved å auke transformeringskapasiteten i eige regionalt distribusjonsnett. Dei siste fire åra er det forsterka og bygd nettanlegg knytt til 15 nye vasskraftverk. Slik deltek selskapet i det grønne skiftet og elektrifiseringa av samfunnet.

Sygnir reduserer eige karbonutslepp ved å byte ut fossile bilar i bilparken til fordel for elbilar der det er mogleg. Sygnir og Sognekraft har også vore med å bygge hurtigladestasjonar i Aurland, Lærdal, Sogndal, Fjærland, Leikanger og Vik. I tillegg har Sygnir montert moderne infrastruktur for hurtiglading av selskapet og tilsette sine elbilar på eigne lokasjonar.

### Framtidsretta nettstyring

Sygnir skal framover modernisere og digitalisere drift og styring av straumnettet. Det er teke i bruk banebrytande

LoRaWan-teknologi til kostnadseffektiv overvaking og styring av nettstasjonar i straumnettet. Eit moderne og godt utbygd fibernett til viktige styringspunkt, brytarar og transformatorstasjonar i straumnettet, vil saman med måle- og sensordata gi Sygnir grunnlag for auka automatisering og forbetring av nettstyring og forsyningssikkerheit.

### Forsyningssikkerheit

Sikker straumforsyning er ei viktig samfunnsoppgåve i eit velfungerande samfunn. Sygnir og Sognekraft-konsernet har ein beredskapsorganisasjon som er operativ 24 timar i døgnet. Det er etablert nye sterke forsyningsspunkt og transformatorstasjonar i Sogndal/Hagafjellet, Kaupanger, Grindsdalen, Suppam og Lidal. Sygnir vil dei komande åra betre forsyningssikkerheita gjennom oppgradering og fornying av viktig nettinfrastruktur, til dømes i Lærdal transformatorstasjon og Sitjane transformatorstasjon, i tillegg til ny transformatorstasjon på Kvåle i Sogndal. Sygnir har kjøpt den regionale delen av Leirdøla transformatorstasjon frå Statnett. Den får namnet Fonndøla transformatorstasjon. Overdraginga skal skje 1. desember 2022. Stasjonsanlegget skal på sikt ombyggast og opprustast, slik at forsyningssikkerheita i regionen vert sikra gjennom to separate transformatorstasjonar med doble brytaranlegg.

Sygnir hadde ein omsetnad på vel 190 MNOK, der 166 MNOK var relatert til monopolverksemda – medan 23,5 MNOK var inntekter utanfor monopolverksemda. Akkumulerte mindreinntekt ved utgangen av 2021 var 10,8 MNOK.

### Økonomisk resultat

Sygnir AS (NOK 1000)	2021	2020
Driftsinntekter	190 630	-
Energikjøp	25 858	-
Overliggende nettkostnader	18 780	-
Anna varekostnad	6 493	-
Løns- og personalkostnad	36 269	-
Ordinære avskrivningar	21 060	-
Øvrige driftskostnader	53 682	3
<b>Driftsresultat</b>	<b>28 488</b>	<b>-3</b>

## Sognenett AS - forretningsområdet breiband

Sognenett forvaltar fiberinfrastruktur gjennom disposisjonsavtalar og leigeavtalar, i hovudsak gjennom Sognekraft Fiber. Selskapet skapar meirverdi gjennom kommersiell verksemd og strategisk disponering samt utbygging av fiber. I 2021 vart det vedteke å prioritere ny fiber for fortetting i eksisterande nett, utbygging av sentrumskjerner og sikring av forsyningsnettet. Fiberkapasitet og tilknytning er etterspurd. Stabilt og raskt internett er høgt verdsett i alle kundesegment. Tal aktive breibandkundar har auka med om lag 9% i 2021 til 8.440 kundar samla sett. Sognenett er i positiv utvikling og jobbar vidare med sikring av verdiar i selskapet gjennom strategiske prosessar og sterkt kundefokus.

### Økonomisk resultat

Sognenett AS (NOK 1000)	2021	2020
Driftsinntekter	63 388	56767
Anna varekostnad	20 564	19571
Løns- og personalkostnad	13361	12193
Ordinære avskrivningar	8 855	6541
Øvrige driftskostnader	10 829	8 901
<b>Driftsresultat</b>	<b>9 779</b>	<b>9 561</b>

## Sognekraft Fiber AS - forretningsområdet fiber

Sognekraft Fiber AS vart stifta 14.10.2020. I 2021 vart fiberverksemda til Sognekraft skild ut til selskapet ved fisjon. Deretter fusjonerte selskapet med Aurland Energi Fiber AS samt overtok fiberverksemda til Lærdal Energi Fornybar AS. Det vart gjort ved fisjon av fiberdelen frå Lærdal Energi Fornybar AS, med Sognekraft Fiber AS som overtakande part. Transaksjonane hadde økonomisk verknad frå 01.01.2021.

Selskapet eig, utviklar og driftar fiberinfrastruktur i Sogn. Gjennom samarbeid med Sognenett AS tryggjar selskapet rask og stabil fibertilgang til hushaldningar og næring i området. I 2021 er det gjort ein del oppgraderingar på stamfiberen for å sikre kapasitet i framtida, i tillegg til utbygging av nye område.

### Økonomisk resultat

Sognekraft Fiber AS (NOK 1000)	2021	2020
Driftsinntekter	16 177	-
Anna varekostnad	41	-
Løns- og personalkostnad	-	-
Ordinære avskrivningar	7 580	-
Øvrige driftskostnader	2 507	1
<b>Driftsresultat</b>	<b>6 049</b>	<b>-1</b>





## Samfunnsansvar

Sognekraft er ei drivkraft i Sogn. Det tyder at Sognekraft sin aktivitet skal medvirke til positive ringverknader i regionen. Sognekraft set krefter i sving!

### Verdiar

Kulturen i konsernet vert kjenneteikna av samfunnsansvar og nøkterne val. Sognekraft ynskjer å vere og bli oppfatta som ein påliteleg og seriøs aktør. Kjerneverdiane skal vere styrande for alle handlingar. Desse er tryggleik, trivsel, påliteleg og nyskapande.

### Forskning og utvikling

Nye og smarte løysingar gjennom eiga utvikling eller i samarbeid med andre vert prioritert i Sognekraft. Konsernet deltek i Energi Noreg sine fellesfinansierte forskings- og utviklingsprosjekt og eit FoU-prosjekt i regi av REN «Elektrifisering av transportsektoren». I november 2020 starta Sognekraft saman med Heimdall Power eit 3-årig forskingsprosjekt som inngår i RME si FoU-ordning. Heimdalls Power sine intelligente sensorar skal overvake tilstanden i Sognekraft sitt 66 kV fjordspenn over Sognefjorden, for optimal nettstyring, belastning og forventa restlevetid.

Sognekraft deltek i REN-forskningsprosjekt som skal utvikle miljøvenleg erstatning for kreosotstolpar til kraftlinjer. I samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning medverkar Sognekraft til kompetanse på fornybar energi og kunnskap om samfunnsvilkår for auke av produksjon og bruk av fornybar energi.

Konsernet har ved fleire høve teke i bruk ny teknologi i utbyggingsfasen av nettanlegg. Til dømes nyttar Sygnir kjerneboring i fjell for fundamentering av komposittmaster. Mastefundamenta vert montert på ein svært miljøvenleg måte som knapt etterlet avtrykk i naturen. Teknologien vert no nytta av Sygnir ved bygging av 22 kV kraftleidninga mellom Suppam og Hamre på Leikanger.

### Beredskap

Sognekraft er ein beredskapsorganisasjon med vaktordningar i straumnett, kraftproduksjon og breiband/fiber 24 timar i døgeret. Nettselskapet Sygnir har implementert ei rekkje beredskapstiltak, slik som redundante transformeringskapasitetar på viktige forsyningspunkt i nettet, godt utbygd driftsstyring med høg grad av fjernstyring, betra tilstandsovervaking av nettanlegga, plassering av anlegga i framkomeleg terreng, utvida ryddegater langs viktige kraftleidningar og 2-sidig innmating der det er mogeleg og økonomisk forsvarleg.

Det er etablert beredskapsavtalar med omkringliggjande bransjeaktørar om utveksling av materiell og personell ved større kriser som ekstremvêr eller andre særskilte hendingar. Beredskapsplanen er revidert gjennom 2021. I samband med

Covid-19 pandemien er også selskapet sin pandemiplan revidert og oppdatert. Handlingsplanar og særskilde tiltak har vorte tekne i bruk og tilpassa situasjonen. Sognekraft er kjend med risiko for truslar innan økonomisk kriminalitet og dataangrep mot nettsider, som kan påverke beredskapsorganisasjonen.

### Utdanning

For framtidig rekruttering er det viktig at det vert utdanna nok kandidatar med fagkompetanse innan dei faga Sognekraftkonsernet nyttar. Konsernet tek såleis eit spesielt ansvar innafor elektrofaga, men har også hatt lærlingar innafor andre fag. Det er ei målsetjing at 8-10 prosent av dei tilsette i konsernet har utviklingsstatus, enten som lærlingar eller som trainear.

### Framtidsretta infrastruktur

Fornybar energi er etterspurd. Dei siste ti åra har Sognekraft stått for utbygging av kraftverk som produserer til saman om lag 400 GWh.

Samstundes vil ikkje straumnettet som vart bygd ut på 1950-talet ha tilstrekkeleg kapasitet til å forsyne kundane i takt med aukande elektrisk forbruk. Sygnir fornyar difor dette parallelt med at nye produksjonslinjer vert etablert. Det er investert i nye nettanlegg for til saman 600 MNOK sidan 2012.

I eit moderne samfunn vert den digitale infrastrukturen opplevd som svært kritisk i høve oppetid og kapasitet. Opphøveleg var Sogn ein kvit flekk på fiberkartet til den nasjonale telekomleverandøren. Regionrådet tok då initiativ til at energiselskapa koordinerte ei satsing på ein regional fiberstamveg gjennom Sogn frå om lag 2005. Sognenett har sete i førarsetet for å tilby husstandar og næringsdrivande i Sogn breiband gjennom fiberkabel. Resultatet av satsinga er at Sognesamfunnet har godt over 95% fiberdekning, som er ei dekningsgrad på landstoppen.

### Klima og miljøpåverknad

Fornybar energi er viktig for å løyse både globale og lokale klimautfordringar, samstundes som behovet for kapasitet i straumnettet aukar sterkt auka elektrifisering og endra forbruk. Konsernet legg stor vekt på å forvalte desse oppgåvene på ein ansvarsfull og framtidsretta måte. Utbygging av kraftproduksjon og bygging av kraftlinjer påverkar naturen og miljøet. Selskapa i konsernet legg difor stor vekt på å ta omsyn til natur og lokalmiljø ved gjennomføring av prosjekt. Konsernet har transportbehov som krev ein bilpark av ein viss storleik. Miljøfaktorar vert vurdert i lag med bruks- og beredskapsmessige eigenskapar ved innkjøp av køyretøy. Vasskraft og fjordenergi er reine og fornybare ressursar som bidreg til det grønne skiftet, utan utslepp som forureinar det ytre miljø.

Gjennom reguleringsføresegner og eigne kjerneverdiar syter Sognekraft for å ta omsyn til naturen i regulerte vassdrag. I planlegging av ny kraftproduksjon er selskapet i dialog med

grunneigarar og andre aktørar for å samarbeide om tiltak med felles nytteverdi, i tillegg til avbøtande tiltak. Sognekraft produserer og leverer rein og fornybar energi. Konsernet si verksemd innafor vasskraft og nett vert regulert av offentlege konsesjonar og eit omfattande lovverk.

### Nett og miljø

Sygnir legg stor vekt på å skåne naturen ved oppføring og drift av nettanlegg. Til dømes byggjer nettverksemda kraftlinjer i eigen regi med ny kjerneboringsteknologi for fundamentering i fjell. Denne teknologiske løysinga gir svært lågt fotavtrykk og miljøbelastning for naturen. Nettverksemda har også teke i bruk ny miljøvenleg teknologi i gassisolerte stasjonsanlegg i form av BlueGIS. Denne type anlegg nyttar teknisk rein luft som isolasjonsmedium i staden for miljøskadelege gassar. Gassisolerte nettanlegg er elles kompakte og har vesentleg mindre arealbehov samanlikna med luftisolerte stasjonsanlegg.

### Vasskraft og miljø

Reguleringsanlegg og kraftstasjonar medfører at naturgitte høve vert endra, men konsernet si verksemd belastar ikkje natur eller samfunn utover det som er normalt for denne type verksemd. Sognekraft gir samtidig eit monaleg positivt bidrag til miljøet med ein kraftproduksjon der 100% kjem frå fornybare kjelder.

Regulering av vassdrag kan påverke livsgrunnlaget for fisk. For å kompensere for dette er det sett i verk ulike tiltak. I Leikangerprosjektet er det utarbeidd eigen overvaksingsplan for Henjaelvi. Her har og før-tilstanden vorte kartlagt, og skal følgjast opp med etterundersøkingar seinare. Ved behov vil det bli etablert tersklar o.l. i elva. Det er elles etablert rugekassar for fossefall i elva.

Konsesjonsgivar har lovheimel til å endre gjeldande konsesjonsvilkår, blant anna vilkår om minstevassføring og magasinrestriksjonar. Med utgangspunkt i vassforskrifta har Vestland fylkeskommune utarbeidd «Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021» som er godkjent av Klima- og Miljødepartementet. For Sognekraft sine vassdrag er det eit prioritert tiltak å styrke fiskebestanden. Det vert forventa at NVE vil setje i gang vilkårsrevisjonar som ein konsekvens av planen, men det er førebels vanskeleg å vurdere konkret kva det vil medføre. Vestland fylkeskommune er i gang med arbeidet med å rullere regional plan for vassforvaltning for neste periode (2022 – 2027) der planane for Hordaland og Sogn og Fjordane vert slegne til ein vassforvaltningsplan for Vestland vassregion.

Det er ikkje registrert brot på manøvreringsreglementet, eller negative miljøhendingar som følgje av vasskraftproduksjonen. Etter utbygging av Årøy kraftverk for 40 år sidan, vart tidlegare flaumvasstandar vesentleg reduserte sidan ein har fekk auka overføringskapasiteten frå Veitastrondvatnet til Hafslovatnet. Saman med køying av Årøy kraftverk reduserer dette flaumtoppane i periodar med store tilsig. Dei siste åra har ein likevel opplevd tre tilfelle av flaum. Hausten 2014, hausten 2018 og våren 2020 var det svært høge tilsig som resulterte i så høge flaumvasstand at det oppstod skade på bygningar. Det er ingen tvil om at flaumperiodane no kjem hyppigare. Truleg skuldast det klimaendringar.



## Arbeidsmiljø og personale

Sognekraft arbeider kontinuerleg for eit trygt arbeidsmiljø. Det blir lagt vekt på førebygging av sjukefråvær, tilrettelegging ved behov og at tilsette kan jobbe lenge før uttak av pensjon. Konsernet har avtale med bedriftshelseteneste.

Ved utgangen av 2021 var det 136 tilsette i konsernet Sognekraft AS. 11 av desse er lærlingar. Dotterselskapet Sygnir fusjonerte med Lærdal Energi Nett og Aurland Energi Nett i 2021 og Sygnir fekk då 22 nye medarbeidarar.

I 2021 var det éin skade utan fråvær og ingen skader med fråvær. Konsernet jobbar dagleg med helse, miljø og tryggleik (HMS), med mål om ingen arbeidsrelaterte ulykker i selskapet. Gjennom bedriftshelsetenesta tilbyr arbeidsgjevar dei tilsette kurs og konsultasjonar, samt kompetanse for å førebyggje skade og sikre godt arbeidsmiljø. Sognekraft-konsernet har felles arbeidsmiljøutval. Det er gjennomført fire møte i arbeidsmiljøutvalet. Ei rekkje saker er handsama. Arbeidsmiljøet er svært tilfredsstillande.

Det er stor konkurranse i arbeidsmarknaden og konsernet ynskjer å vere ein attraktiv arbeidsplass for tilsette og nye medarbeidarar. Alle stillingar i selskapet krev formell fagkompetanse. Sognekraft utdannar fagarbeidarar og fire av selskapa i konsernet er godkjende lærlingbedrifter. Innan nettmontasje er det åtte lærlingar fordelt på fem lokasjonar. I produksjonsselskapet er det lærling energioperatør, Sognenett har lærling dataelektronikar og morselskapet har lærling kontorlag. Prosjekt som bygging av linjer i eigen regi, nye transformatorstasjonar og vasskraftverk gjev tilsette spennande og unike arbeidsoppgåver og erfaringar. Det er med på å gjere konsernet til ein attraktiv arbeidsplass.

Det er ikkje rapportert om hendingar med konsekvensar for det ytre miljø til Statsforvaltaren eller andre instansar.

### Likestilling og diskriminering

Ved utgangen av 2021 var det 15% kvinner i konsernet. Kvinnedelen er stabil og størst innan tradisjonelle oppgåver som administrasjon, økonomi og kundekontakt. I konsernkoordineringsgruppa er det sju personar, to av desse er kvinner. I konsernstyret er det seks aksjonærvalde styremedlemmer, halvparten av desse er kvinner. I tillegg er det to styreprerantar valde av og blant dei tilsette. Desse er menn.

Sognekraft jobbar for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn. Alle tilsette har ved tilsetjing blitt tilbydd heil stilling. Mellombelse eller varige reduksjonar i stillingsstorleik er etter eige ynskje. Det er låg turnover av tilsette og det vert tilrettelagt for karriereutvikling internt, til dømes ved at interne kandidatar vert vurdert for ledige leiarstillingar. Låg kvinnedel gjer det utfordrande å analysere lønnsnivå mellom menn og kvinner. Stillingane er i ferd med å bli innplassert i stillingsgrupper med lønsspenn.

### HMS

Sjukefråværet i 2021 var 5,7 % , mot 3,0 % i 2020. Korttidsfråværet er lågt og stabilt, men det er fleire tilsette i 2021 enn tidlegare som har vore ute i lengre sjukefråvær. Det har i heile 2021 vore fokus på tiltak for å for å hindre og avgrense koronasmitte og verne om kritisk kompetanse.

Det har ikkje vore nokon personskade med fråvær (H1) og berre éin skade utan fråvær (H2) i 2021. Tabellen under viser utviklinga i skade og skadefråvær dei siste fem åra:

År	2017	2018	2019	2020	2021
H1 (skadefråværsfrekvens)	6	0	6	6	0
H2 (skadefrekvens)	12	6	29	11	4
F-verdi (skadefråvær)	12	0	6	6	0

H1 verdi: personskadar med fråvær, H2: personskadar med medisinsk behandling, F-verdi: skadefråvær.

## Føretaksstyring

### Risikostyring og internkontroll

Sognekraft har risikohandbok som identifiserer og dannar rammer for dei viktigaste risikofaktorane. Desse omfattar marknadsaktivitetar, finansforvaltning, rammevilkår og drift. Styret sitt tilsynsansvar vert ivareteke gjennom jamleg rapportering av økonomisk status og prognosar, samt rapportering av drift, økonomi og framdrift i større prosjekt. Selskapet har i internkontrollsystemet instruksar for og risikoanalyser av utvalde arbeidsprosessar.

### Marknadsrisiko

Den finansielle risikoen er knytt til endringar i pris og volum ved produksjon og handel av kraft, samt finanskostnader. Risikoanalyser syner at kraftpris er den faktoren som er mest avgjerande for selskapet sitt resultat. Kraftprisane vert mellom anna påverka av vêret, brenselprisar og prisar på CO<sub>2</sub>-kvotar. Vidare vil den generelle økonomiske aktiviteten i samfunnet, storleiken på kraftproduksjonen frå andre energikjelder enn vasskraft, og overføringskapasitet mellom prisområde og over landegrensar bety mykje. Nedbørsforhold og temperatur medfører store endringar i prisar og produksjonsvolum frå år til år. Manglande transportkapasitet som følgje av flaskehalsar i overføringsnett, kan føre til store prisutslag og skilnader mellom kraftprisområda.

Marknadsrisikoen har vore styrt gjennom terminsikring av deler av framtidig produksjon. Det er etablert fullmakter, rammer og rapportering for all handel. Handelsaktiviteten vert gjort av eksterne. Dei store skilnadane som har vore mellom systempris, som krafta har blitt prissikra til og områdeprisen NO5 som Sognekraft sin produksjon vert levert til, gjer at prissikringa i 2021 har vore lite effektiv. Den finansielle kraftmarknaden er delvis sett ut av spel av det spesielle prisbiletet og likviditeten er dramatisk redusert. Selskapet har som følgje av dette redusert sikringsaktiviteten mot slutten av 2021.

### Kapitaltilgang og likviditet

Det er utarbeidd ei heilskapleg finansieringsløyising som grunnlag for investering i ny vasskraftproduksjon. Selskapet sin låneavtale med syndikatet sett saman av Danske Bank, DNB og Sparebanken Vest sikrar finansiering fram til hausten 2023. Selskapet sine lån er i norske kroner. Auka lånegjeld medfører at endring i rentenivået påverkar selskapet sitt resultat i større grad. Det vart i 2020 inngått avtalar om rentesikring av 70 % av forventa lånesaldo i 10 år framover, som eit risikodempande tiltak. Konsernet sin likviditet er tilfredsstillande opp mot omfanget av eksisterande verksemd.

### Finansiell risiko

Syndikatlånet for finansiering av morselskap og konsern er den største einskildforpliktinga til Sognekraft Mor AS. Lånet har ei ramme på 2,4 MRD og er avdragsfritt i låneperioden. Det medfører avgrensa risiko knytt til innlån i løpetida.

På litt lengre sikt er den største finansielle risikoen knytt til tilgang til finansiering i kapitalmarknaden og prisen på slik finansiering. Tilgang til finansiering avheng både av utviklinga i finansmarknadene og konsernet si kredittverdighet. Prisen på finansiering avheng av marknadsrentene og den spesifikke kredittmarginen som vert lagt til. Kredittmarginen avheng av selskapet og konsernet si kredittverdighet og utviklinga i kredittmarknaden.

### Operasjonell risiko

I strategiplanen har styret utarbeidd overordna føringar for selskapet si utvikling. Strategiplanen vert jamleg rullert og det vert utarbeidd årlege handlingsplanar med tiltak og tidsplanar. I selskapet sitt kvalitetssystem, Soludyne, vert arbeidsprosessar dokumenterte og evaluerte. Risiko- og sårbarheitsanalyser dannar grunnlag for tiltak for å redusere sårbarheit innafør dimensjonane HMS, økonomi og forsyningstryggleik. I arbeidet med HMS vert det elles jobba målretta med rutiner, rapportering og analyse av uynskte hendingar for å redusere risiko for skade.

### Rammevilkår

Det er risiko knytt til selskapet og bransjen sine rammevilkår. Dette omfattar i hovudsak spesielle skattar og avgifter for energibransjen, regulering av nettverksemda samt rammevilkår for potensielle nye aktørar og kundar.

Generelt er det også politisk risiko på vegen mot eit berekraftig fornybarsamfunn. Dette har blitt forsterka gjennom det siste halve året då energiprisane har nådd nye høgder. Politisk har det vore naudsynt å setje inn tiltak på kort varsel og utan at det har vore tid nok til å gjennomføra ordinære konsekvensanalyser.

### Omstilling

Digitalisering og automatisering er viktig når det gjeld styring og vedlikehald av kraftverka Sognekraft har ansvar for. Det er lagt ned mykje arbeid i innhenting av produksjonsdata i sanntid som grunnlag for produksjonsplanlegging, automatisk justering av produksjonsplanar og overvaking av kraftverka gjennom kontrollsystema. Dei fleste av småkraftverka har installert autostartfunksjon slik at elvekraftverka startar når tilsiget er stort nok. Ein har også mål om å innføre automatisert lukestyring i magasinkraftverka og overgang til tilstandsbasert vedlikehald.

Digitalisering av kraftsystem gir Sognekraft høve til ei meir presis nettstyring og til å tilby betre oppfølging av kvar kunde. Nettet kan styrast på nye måtar som sikrar leveringskvalitet og betre grunnlag for planlegging av reinvesteringar og nye investeringar. Bransjen generelt er i stor omstilling, både digitalisering og endra rammevilkår vil ha stor påverknad på utviklinga. Det pågår store omstruktureringar i bransjen, det gjeld også for Sognekraft, med omstruktureringa av konsernet.

### Eigarforhold og eigarstyring

Sognekraft MOR AS sin aksjekapital består av 7211 aksjar kvar pålydande 20.000 kroner. 2260 er A-aksjar og 4951 er B-aksjar. Aksjane i aksjeklasse B kan berre eigast av stat, fylkeskommune,

kommunar eller selskap som stettar krava i konsesjonslova § 4. Aksjar i aksjeklasse A er etter vedtektene fritt omsettelege.

Eigarstyring av konsernet vert utøvd gjennom generalforsamling og vedtekter i tråd med aksjelova sine reglar. I samband med konsernetableringa vart det også etablert eit sett med styringsdokument som omhandlar organisering og styringsprinsipp, roller, ansvar og fullmakter. Det er lagt opp til at Norsk anbefaling «Eierstyring og selskapsledelse» skal vera rettleiande og supplerande for styringa i konsernet.

## Forsikring for styret og leiing

Det er teikna forsikring for styret sine medlemmer og leiande tilsette for det personlege erstatningsansvaret for formuesskade som dei kan pådra seg i samband med utøving av sine verv (styre- og leiaransvar). Forsikringa er teikna på marknadsvilkår i eit internasjonalt forsikringselskap med solid rating.

## Vidare utvikling

Energimarknadene er i sterk omstilling og etterspurnaden etter berekraftige energiløysingar er stor. Samstundes som det skjer ei omstilling frå fossile til fornybare energikjelder opererer bransjen i eit komplekst politisk landskap, både nasjonalt og internasjonalt. Den langsiktige klimapolitikken til EU vart

sommaren 2021 nedfelt i forslagspakken «Fit for 55», med mål om å redusera klimagassutslappa med 55% innan 2030. Eksisterande regelverk må tilpassast nye mål. Nye regelverk må utformast for å sikra at klimapolitikken omfattar alle sektorar. Elektrifiseringa medfører at infrastrukturen i kraftsystemet blir endå viktigare. Nettforsterkingar innanlands og i Norden må byggast i forkant av endringar i forbruk som fylgje av elektrifiseringa av samfunnet.

Russland sin invasjon i Ukraina har skapt auka usikkerheit og hindringar for gassleveransar til Europa. Dette har medført at gassprisane held seg på eit svært høgt nivå. Gassprisane påverkar dei europeiske kraftprisane, og bidreg til at kraftprisane i Sør-Noreg har halde seg høge gjennom vinteren. Covid-19 pandemien medfører framleis leveringsforseinkingar. I kombinasjon med krigen i Ukraina medfører det stor usikkerheit. Det kjem til uttrykk i forventa høg auke i innkjøpskostnader for materiell og leveransekontraktar.

Kraftprisen i Noreg har variert mykje dei siste 15 åra, men gjennomsnittet i prisområde NO5 ligg på om lag 31 øre/kWh. I 2020 var kraftprisen på eit rekordlågt nivå på 9,8 øre/kWh, i motsetnad til rekordhøge 75,8 øre/kWh i 2021. Gjennomsnittleg kraftpris i første kvartal 2022 var på 148 øre/kWh. Terminmarknaden for kraft indikerer at kraftprisen i NO5 vil halda seg på eit endå høgare nivå enn i rekordåret 2021. Dette er blant anna eit resultat av dei høge gassprisane i Europa og av



at magasinfyllinga i Sør-Noreg er lågare enn normalt. På lengre sikt er det forventa at kraftmarknaden vil gjennomgå store endringar. Ein forventar at ambisiøse klimamål gir høgare CO<sub>2</sub>-prisar, at utfasinga av kolkraft held fram, men at det framleis vil vera trong for gass som ei viktig fleksibel energikjelde. Kraftproduksjon frå sol og vind er forventa å auke monaleg, både i Norden, på kontinentet og i Storbritannia. Spesielt er havvind venta å spela ei stor rolle framover. Også innan vasskraft må nye prosjekt vurderast. Sognekraft har allereie starta dette arbeidet, med å gå nærare inn i grunnlaget for å bygge ut Feios kraftverk i Vik kommune, og med ei utgreiing av moglegheiter i vassdraga som omgir Dyrnesli kraftverk, Høyanger kommune.

Dei store prisskilnadene innanlands mellom prisområda i Sør-Noreg og prisområda lenger nord er eit resultat av manglande overføringskapasitet nord-sør både innanlands og via Sverige. For Sognekraftkonsernet pressar dette nettleiga oppover, både som resultat av høgare tapsprisar og potensielt gjennom lågare forbruk på grunn av dei høge kraftprisane. Fusjonen mellom nettselskapa Sygnir AS, Aurland Nett AS og Lærdal Nett AS til ei større eining gjer at verksemda dreg nytte av synergieffektar og eit sterkt fagmiljø. Det nye nettselskapet er blant landets 20 største nettselskap og er såleis sterkare rusta til å møte framtidig

utvikling i bransjen. Det er stor etterspurnad etter nettkapasitet i Sygnir sitt forsyningsområde. Ein forventar at dette aukar i takt med at elektrifiseringa held fram. Sygnir har eit kontinuerleg fokus på å leggje til rette for nytt forbruk så smart og kostnadseffektivt som mogleg.

Sognenett, i lag med det nye fiberfiberselskapet Sognekraft Fiber AS, har gjennom mange år bygd seg opp til ei verksemd som disponerer attraktiv fiberkapasitet og kan tilby digitale tenester til store landsdekkande kundar. Gjennom det nye straumselskapet Wattn får Sognekraft sine tidlegare kraftkundar tilgang til framtidretta produkt og digitale tenester.

Sognekraftkonsernet si inntening er i stor grad basert på vasskraftproduksjon. Naturlege variasjonar knytt til nedbør, tilsig og kraftpris gjer at konsernet sitt økonomiske resultat svingar. Ettersom kraftprisen i Sør-Noreg er forventa å vera relativt høg inntil gassprisen i Europa og magasinfyllinga i Sør-Noreg har normalisert seg, forventar styret eit høgare underliggende konsernresultat i 2022 enn i 2021.

Vik, 30. mai 2022

Geir Arve Sandvik  
Styreleiar

Laura Kvamme  
Nestleiar

Arne Andreas Riisnes  
Styremedlem

Silje Skaar Sunde  
Styremedlem

Jens Andreas Melheim  
Styremedlem

Brita Holstad  
Styremedlem

Jomar Leirdal  
Styremedlem, tilsette

Rune Svedal  
Styremedlem, tilsette

Terje Bakke Nævdal  
Konsernsjef

## RESULTAT

KONSERN		Beløp i 1000kr			MORSELSKAP	
2 020	2 021				2021	2020
147 655	722 886	Inntekter frå energisal	3		0	0
100 594	162 547	Inntekter frå kraftoverføring	6		0	0
59 287	68 543	Telekominntekter	2		0	0
90 174	75 820	Andre driftsinntekter	2		28 449	0
<b>397 711</b>	<b>1 029 795</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>			<b>28 449</b>	<b>0</b>
81 273	417 768	Energikjøp	3		0	0
22 237	29 075	Overføringskostnader			0	0
13 350	12 358	Anna varekostnad			187	0
<b>116 860</b>	<b>459 201</b>	<b>Sum varekostnad</b>			<b>187</b>	<b>0</b>
39 927	52 101	Ordinære avskrivningar	4		18	0
57 878	85 065	Personalkostnader	14	15	19 232	0
50 971	56 097	Andre driftskostnader	14	18	13 177	0
12 188	14 241	Eigedomsskattar og avgifter			194	0
<b>160 964</b>	<b>207 505</b>	<b>Sum driftskostnader</b>			<b>32 620</b>	<b>0</b>
<b>119 887</b>	<b>363 089</b>	<b>Driftsresultat</b>	2		<b>-4 358</b>	<b>0</b>
-8 118	21 147	Inntekt på investering i andre selskap	5	16	100 896	14 509
21 500	8 781	Finansinntekter	16		9 985	0
45 689	45 776	Finanskostnader	20	16	11 490	0
<b>32 307</b>	<b>15 848</b>	<b>Netto finanskostnader</b>			<b>-99 391</b>	<b>-14 509</b>
<b>87 579</b>	<b>347 241</b>	<b>Resultat før skattekostnad</b>			<b>95 033</b>	<b>14 509</b>
-5 231	97 360	Skattekostnad grunnrente			0	0
11 552	62 513	Skattekostnad på ordinært resultat	11		-521	0
<b>6 322</b>	<b>159 873</b>	<b>Sum skattekostnad</b>			<b>-521</b>	<b>0</b>
<b>81 258</b>	<b>187 368</b>	<b>Årsresultat</b>	1	2	<b>95 554</b>	<b>14 509</b>
2 174	5 983	Minoriteten sin del av årsresultatet	12			
79 084	181 385	<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>				
16 069	41 620	Føreslege utbytte til utbetaling			40 000	14 509
63 016	139 766	Overføring annan egenkapital			55 554	0



# EIGENDELAR

KONSERN		Beløp i 1000kr	Note	MORSELSKAP	
2020	2021			2021	2020
<b>Anleggsmidler:</b>					
<b>Immaterielle eigendelar:</b>					
14 962	10 110	Utsett skattefordel	11	833	0
155 867	155 867	Fallrettar		0	0
351	1 122	Andre immaterielle eigendelar		0	0
<b>171 180</b>	<b>167 099</b>	<b>Sum immaterielle eigendelar</b>		<b>833</b>	<b>0</b>
<b>Varige driftsmidler:</b>					
116 133	142 308	Tomter, bygningar og annan fast eigendom	4	643	0
135 512	129 936	Reguleringsanlegg og kraftstasjonar	4	0	0
618 985	833 017	Nett- og fiberanlegg	4	0	0
24 181	35 899	Fjernvarmeanlegg	4	0	0
89 008	105 485	Andre driftslausøyre	4	790	0
96 154	92 115	Anlegg under arbeid	4	0	0
<b>1 079 973</b>	<b>1 338 760</b>	<b>Sum varige driftsmidler</b>	<b>4 10</b>	<b>1 433</b>	<b>0</b>
<b>Finansielle anleggsmidler:</b>					
0	0	Investeringar i dotterselskap	5 8	474 473	612 935
0	0	Langsiktig lån til dotterselskap	8	1 277 455	0
230 536	322 706	Investeringar i tilknytte selskap	5	395	0
281 657	238 798	Langsiktig lån til tilknytte selskap	8	0	0
179 787	246 880	Investeringar i andre aksjar og andelar	5	88 958	0
44 476	76 156	Andre langsiktige fordringar	8	0	0
<b>736 456</b>	<b>884 539</b>	<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>1 841 281</b>	<b>612 935</b>
<b>1 987 609</b>	<b>2 390 399</b>	<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>1 843 547</b>	<b>612 935</b>
<b>Omløpsmidlar:</b>					
<b>8 300</b>	<b>11 711</b>	<b>Varelager</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Fordringar:</b>					
120 387	78 049	Kundefordringar		104	0
0	0	Fordringar konsern		73 966	14 509
3 362	10 826	Netto mindreinntekt	6	0	0
5 044	24 804	Andre fordringar, forskotsbetalte kostnader		2 872	0
<b>128 793</b>	<b>113 679</b>	<b>Sum fordringar</b>		<b>76 942</b>	<b>14 509</b>
105 473	78 633	Bankinnskot, kontantar og liknande	7	14 395	82
<b>242 567</b>	<b>204 023</b>	<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>91 337</b>	<b>14 590</b>
<b>2 230 175</b>	<b>2 594 422</b>	<b>SUM EIGENDELAR</b>		<b>1 934 885</b>	<b>627 525</b>

## GJELD OG EIGENKAPITAL

KONSERN				MORSELSKAP	
2020	2021	Beløp i 1000kr	Note	2021	2020
<b>Eigenkapital</b>					
<b>Innskoten eigenkapital</b>					
144 220	144 220	Aksjekapital	13 12	144 220	144 220
468 695	468 695	Overkurs	12	468 695	468 695
<b>612 915</b>	<b>612 915</b>	<b>Sum innskoten eigenkapital</b>	<b>12</b>	<b>612 915</b>	<b>612 915</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>					
27 703	182 177	Annan eigenkapital	12	54 447	0
12 455	87 628	Minoritetsinteresser	12		
<b>40 158</b>	<b>269 806</b>	<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>54 447</b>	<b>0</b>
<b>653 073</b>	<b>882 721</b>	<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	<b>12 22</b>	<b>667 362</b>	<b>612 915</b>
<b>Gjeld</b>					
<b>Avsette forpliktingar</b>					
20 795	17 120	Pensjonsforpliktingar	15	4 373	0
13 551	27 781	Utsett Skatt	11	0	0
<b>34 346</b>	<b>44 901</b>	<b>Sum avsette forpliktingar</b>	<b>19</b>	<b>4 373</b>	<b>0</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>					
1 400 000	1 180 000	Gjeld til kredittinstitusjonar		1 180 000	0
675	860	Øvrig langsiktig gjeld		0	0
<b>1 400 675</b>	<b>1 180 860</b>	<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>9 10</b>	<b>1 180 000</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>					
0	0	Kassekreditt	7 10	0	0
58 720	84 613	Leverandørgjeld		3 987	0
0	0	Leverandørgjeld i konsern		2 980	0
25 609	44 600	Skattetrekk, feriepengar, offentlege avgifter	7	1 438	-4
8 253	146 341	Avsett til påløpne skattar	11	0	0
33 431	168 766	Påløpne kostnader / anna kortsiktig gjeld	17	34 745	106
0	0	Netto meirinntekt	6	0	0
16 069	41 620	Utbyte	12	40 000	14 509
<b>142 081</b>	<b>485 940</b>	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>83 150</b>	<b>14 611</b>
<b>1 577 103</b>	<b>1 711 701</b>	<b>Sum gjeld</b>		<b>1 267 523</b>	<b>14 611</b>
<b>2 230 175</b>	<b>2 594 422</b>	<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 934 885</b>	<b>627 525</b>

Vik, 30. mai 2022

Geir Arve Sandvik  
Styreleiar

Laura Kvamme  
Nestleiar

Arne Andreas Riisnes  
Styremedlem

Silje Skaar Sunde  
Styremedlem

Jens Andreas Melheim  
Styremedlem

Brita Holstad  
Styremedlem

Jomar Leirdal  
Styremedlem, tilsette

Rune Svedal  
Styremedlem, tilsette

Terje Bakke Nævdal  
Konsernsjef

## KONTANTSTRAUMANALYSE

KONSERN		MORSELSKAP	
2020	2021	2021	2020
<b>Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>			
87 579	347 241	Ordinært resultat før skattekostnad	95 033 14 509
-52 911	-2 641	Betalt skatt i perioden	0 0
39 927	52 101	Ordinære av- og nedskrivninger	18 0
-49 396	-46 616	Gevinst sal av anleggsmiddel	0 0
0	-9 747	Postar klassifisert som investering / finansielle aktiviteter	-100 896 0
-1 221	-1 668	Endring i varelager	0 0
7 133	-22 887	Endring i kundefordringer	-104 0
-24 834	39 989	Endring i leverandørgjeld	6 967 0
-1 879	5 206	Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalinger	5 792 0
14 742	17 358	Endring i andre tidsavgrensingsposter	-59 120 -14 532
0	158 031	Effekt av fisjon og fusjon i året	0 0
<b>19 139</b>	<b>536 367</b>	<b>Netto kontantstrøm fra operasjonell aktivitet</b>	<b>-52 310 -24</b>
<b>Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>			
49 896	46 616	Innbetalt fra sal av anleggsmiddel	0 0
0	0	Innbetalt fra sal av aksjar	46 616 0
-141 558	-179 226	Utbetalinger ved kjøp og tilvirking av varige driftsmidler	-1 451 0
-973	-23	Bankbeholdning i selskap ut av konsern	0 0
-264 709	-47 821	Utbetalinger fra andre investeringsaktiviteter	-1 228 346 0
412 659	9 747	Innbetalinger fra andre investeringsaktiviteter	53 301 0
0	-156 617	Effekt av fisjon og fusjon i året	0 0
<b>55 315</b>	<b>-327 324</b>	<b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>	<b>-1 129 880 0</b>
<b>Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>			
0	0	Innbetalt fra opptak ny langsiktig gjeld	1 180 000 0
0	-220 576	Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0 0
-630	0	Innbetalt fra opptak av ny kortsiktig gjeld	31 012 106
1 000	0	Innbetaling av egenkapital	0 0
-25 870	-16 069	Utbetaling av utbytte	-14 509 0
0	762	Effekt av fisjon og fusjon i året	0 0
<b>-25 500</b>	<b>-235 883</b>	<b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>	<b>1 196 504 106</b>
48 954	-26 840	Netto endring i kontantar og bankinnskott	14 313 82
56 519	105 473	Behaldning av kontantar og bankinnskott pr. 01.01.	82 0
<b>105 473</b>	<b>78 633</b>	<b>Behaldning av kontantar og bankinnskott pr. 31.12.</b>	<b>14 395 82</b>

# NOTAR

## Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova frå 1998 og er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar.

### Prinsipp for inntekts- og kostnadsføring og klassifisering av postar

Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Kostnader vert medteke i rekneskapen i den perioden dei påkjem.

Eignelutar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eignelutar er klassifisert som omløpsmidlar. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omløpsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omløpsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadsverdi.

Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje skrive opp til verkeleg verdi som fylgje av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

### Konsolidering og konsernrekneskap

Konsernrekneskapen er sett opp for å vise tala for morselskapet Sognekraft Mor AS og dotterselskapa som ei økonomisk eining. Alle vesentlege transaksjonar mellom selskapa er eliminerte i konsernrekneskapen. Meir- og mindreveridar frå konserndanninga er førde til kostpris og avskrivne lineært med lik plan balanseverdi dei er knytte til. Selskapsrekneskapa for dotterselskapa er oppsatt etter god rekneskapskikk.

Minoriteten sin del resultat etter skatt er vist som eiga linje etter konsernet sitt årsresultat. Minoriteten sin del av eigenkapitalen er vist som eiga linje under eigenkapitalen.

### Dotterselskap

Dotterselskap er alle selskap der konsernet har bestemmande påverknad. Bestemmande påverknad er normalt oppnådd når konsernet eig meir enn 50 % av aksjane i selskapet, og er i stand til å utøve faktisk kontroll over selskapet.

### Utbytte

Utbytte frå døtre og tilknytt selskap er inntektsført i det året dei vert avsett i selskapsrekneskapen. I konsernrekneskapen vert utbytte eliminert vekk mot anna eigenkapital.

### Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert avskrive over forventta økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

### Medeigarskap i andre kraftverk

Sognekraftkonsernet eig 12 % av stasjonsgruppa Vikfalli. Vikfalli inngår i Sognekraft sin rekneskap etter bruttometoden. Sal av kraft frå Vikfalli er inkludert i posten sal av kraft, driftskostnader for Sognekraft sin del er inkludert i posten energikjøp og avskrivningane inngår i posten avskrivningar i rekneskapen. Eigedomsskatt, grunnrente- og naturressursskatt for Vikfalli vert utlikna på Sognekraftkonsernet si hand og er inkludert i desse postane i rekneskapen.

### Magasinffylling

I samsvar med tilråding frå Energi Norge vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin har likevel betydning for vurdering av det rekneskapsmessige resultatet for selskapet.

### Kraftkontraktar

Alle kjøps- og salskontraktar blir periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir tilordna leverings- og mottakstidspunkt. Kontraktsporfølja vert vurdert samla til faktiske prisar på sals- og kjøpskontraktar med tilsvarande volum og samanfallande 27 leveringsperiodar. Urealiserte netto tap i portefølja vert kostnadsført medan urealiserte gevinstar ikkje vert inntektsført.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. For dei øvrige kundefordringane vert det i tillegg gjort ei uspesifisert avsetning for å dekkje sannsynlege tap.

**Skattar**

Sognekraftkonsernet betalar fire ulike skatteartar. Dette er alminneleg overskotsskatt, naturressursskatt, grunnrenteskatt og eigedomsskatt.

**Overskotsskatt**

Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av årets skattemessige resultat. Utsett skatt vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar.

**Naturressursskatt**

Naturressursskatten er overskotsuavhengig og vert berekna basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten kan utliknast mot overskotsskatten, og ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter.

**Grunnrenteskatt**

Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Grunnrenteskatten har som formål å skattlegge den avkastinga ein vasskraftprodusent har utover normalavkasting som fylgje av at produsenten utnyttar ein naturressurs. Denne skatten er delvis overskotsuavhengig og kjem i tillegg til overskotsskatten. Skattekostnaden knytt til grunnrente i Sognekraftkonsernet sin resultatrekneskap består av betalbar skatt og endring i utsatt skatt. I utsatt skatt vert det teke omsyn til tre forhold; midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar for kraftverk, akkumulerte negative grunnrenteinntekter og midlertidige skilnader vedrørende netto pensjonsforpliktelsar knytt til kraftverka. Ved aktivering av utsatt skatt vert nominell skattesats på 37 % brukt.

**Eigedomsskatt**

Eigedomsskatten er ei overskotsuavhengig avgift som vert berekna basert på ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjer inntil 0,7 % av taksten. I rekneskapen er eigedomsskatten inkludert i driftskostnader. Eigedomsskatt for kraftverk vert fastsett på grunnlag av skattemessig formuesverdi i likningsåret før eigedomsskatten vert skriven ut.

**Konsernkontoavtale**

Det føreligg konsernkontoavtale mellom Danske Bank på den eine sida og selskapa i Sognekraft på den andre sida. Morselskapet Sognekraft Mor AS er konsernkonto innehavar, medan døtre er underkonto innehavarar i konsernkontosystemet. Sognekraft Mor AS presenterer mellomværande mot bank som bankinnskot. Mellomverande innad i konsernkontosystemet vert presentert som mellomverande mellom konsernselskap. Konsernkonto innehavar og underkonsernkonto innehavar er solidarisk ansvarleg for mellomværande mot Danske Bank, inntil kr 2.150.000.000.

**Andre driftsinntekter**

Inntekt vert resultatført når den er opptjent. Inntektsføring skjer følgeleg normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tenester.

**Erstatningar / konsesjonskraft**

Det vert gitt ulempestaningar og vederlag for bruksrett til vassfall og grunn i form av eingongserstatningar, årlege erstatningar og konsesjonskraft. Eingongserstatningar vert aktivert på anlegg og avskrive. Årlege erstatningar vert kostnadsført i resultatrekneskapet og uttak av tilkjent konsesjonskraft inngår i inntekter frå energisal.

**Kontantstraumoppstilling**

Kontantraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metode.

**Valuta**

Transaksjonar i utenlandsk valuta vert omrekna til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utenlandsk valuta vert omrekna til norske kroner ved bruk av valutakurs på balansedag. Valutakursendringar vert resultatført løpande i rekneskapsperioden under andre finanspostar.

**Investering i tilknytta selskap**

Tilknytta selskap er selskap der Sognekraftkonsernet har betydeleg påverknad. Betydeleg påverknad føreligg normalt når selskapet eig og kontrollerar frå 20 % til 50% av dei stemmeberettiga aksjane. Investering i tilknytta selskap vert rekneskapsført etter kostmetode i selskapsrekneskapa og eigenkapitalmetode i konsernet.

**Investering i aksjar og andeler**

Øvrige aksjeinvesteringar som ikkje er dotterselskap eller tilknytta selskap vert klassifisert som andre aksjar og andeler og vert balanseført til kostpris. Investeringar vert nedskrevne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er rekna å vere forbigåande.

**Spesielle kraftflevertansforpliktelser**

Sognekraftkonsernet pliktar å levere 8,6 GWh konsesjonskraft årleg til kommunar knytt til utbygginga i Årøy. Levering skjer til gjeldande konsesjonskraftpris.

## Note 2 Driftsresultat fordelt på forretningsområde

### Konsem

